



Særdeles dugande læremeistrar: Bjørn Arve Lunde og Johanna Øvstebø Tvedten

**Elevar frå Undarheim og Valen fekk særdeles interessann og spennande historieundervisning i dag, onsdag. Då hadde dei lagt undervisninga til Bøkkerverkstaden på Rød, og læremeistrane var henta frå Sunnhordland Folkemuseum: Bjørn Arve Lunde og Johanna Øvstebø Tvedten.**

Etter at Undarheimselevane som var først på dagen, var ferdige, var uskedalen.no til stades på undervisningsøkta til elevane i 5. og 6. klasse ved Valen skule. Det var ei spennande, interessann og lærerik oppleving!



[Her lærte dei gjennom song og spel.](#)

Etter at Bjørn Arve Lunde og Johanna Øvstebø Tvedten hadde presentert både seg sjølv og opplegget 'Me byggjer ein båt' ute på plassen, bar det inn i bøkerverkstaden. Her var det ei samling der dei to gjennom rollespel, song og forteljing fekk formidla mykje interessant om båtliv og båtbyggjartradisjonar. Dette var undervisning i lokalhistorie av høg klasse. Læremeisterane var like dyktige både som historikarar, pedagogar og skodespelarar.



Her skal det klinkast!

Det var tydeleg at framføringa fengde dei 28 elevane. Dei sat som lys og fulgte med. Ja, nokre av dei på bakerste benk reiste seg og stod for at dei ikkje skulle gå glipp av noko. Innimellom vart dette avbrote av latter, alltid på dei rette plassene. Dette fall i smak så dette vert nok hugsa. Flinke var dei og til å syngje med på sangen 'Eg vil hamra, eg vil bora, eg vil smi'.



[Ida Stensletten, med besteforeldre i Uskedalen, hadde godt drag på smiinga.](#)

Etter samlinga var det klart for den praktiske delen. Då vart elevane fordelt på tre stasjonar, og alle fekk prøva seg på klinking og smiing då dei laga solide nøkkelringar. På den tredje stasjonen fekk dei prøve seg som båtbyggjarar på ein modell. Der lærte dei og ei regle med gode gamle båtuttrykk.

For elevane var nok dette ein lærerik dag som dei vil hugse lenge. Bjørn Arve og Johanna har køyrt dette opplegget i 8 år. Eg vart imponert både av innhald og gjennomføring. Heldige er elevane som får lære gjennom slike opplegg!



Me byggjer ein båt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.